

Informasjon om stallplass ved Tveit

Informasjon om stallplass på Tveit:

- Me har 25 oppstillingsplassar av ulik størrelse med eit eget skap til utstyr
- Det finnst luftgardar der hestane er ute både føremiddag og ettermiddag
- Skulen disponerer ein ridehall som er 20 x 60 meter, og ein ute-/kjørebane som er 40 x 80 meter. Bruk av desse er inkludert i stall-leiga.
- Me har kjempeflotte tur-moglegheiter rett utanfor stallen. Her kan du både ri og kjøyre (ved godkjenning av kusk/hest).

Leigetakarar/rytter/kusk har sjølv det fulle ansvaret for hesten, og forpliktar seg til å sørge for at hesten får stell kvar dag så lenge den står oppstalla på Tveit. Dei må sjølv sørge for å være forsikra.

Alle hestane skal heim i feriane og lang-helgane. Internatet er stengt då. Dersom hesten din må stå oppstalla på Tveit i feriar/lang-helger, må hesteeigar sjølv ta ansvar for stell/fôring. Alternativt må hesteeigar betala 250,- kr pr døgn som hesten er oppstalla på Tveit, i tillegg til stalleige.

Dersom hesten er vekke i ein lengre periode, minst sju dagar i strekk, kan det gjevast reduksjon i stalleiga. Dette må stallansvarleg få skriftlig beskjed om seinast ein måned før ferien. Reduksjonen blir då gitt på neste stallrekning.

Ved inntak vil det verta gjort ei vurdering på hestens utdanningsnivå og bruksområde. Hingstar og hopper med føl v/fot tas kun inn ved særkilde grunnar og må søkast spesielt.

Det er svært viktig at alle, både elevar og føresette lesar gjennom reglar for oppstalling på Tveit. På søkjerarket må du kryssa av at du har lest og godteke reglane.

Bokser/skap får du tildelt av stallansvarleg.